

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: post@hib.no ; post@hisf.no ; postmottak@hsh.no Innsending etter 01.01.17: post@hvl.no
Bakgrunn for saka	<p>Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderinger og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
Kapittel 4	<p>I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane.</p> <p>Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?</p>
	<p>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</p> <p>a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</p> <p>b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?</p>
	<p>Er det naudsnyt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?</p>
Kapittel 5	<p>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)</p>
	<p>Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Kapittel 6	Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærmare, uavhengig av kva for ein modell ein vel. Vi ber høringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.
Ansvarlig	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
Utsending	Programsekretariatet

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Høyrings-instans (svarar)	Norsk sykepleierforbund, HVL
Ev. prosess bak høyrings-innspelet	Innspel frå medlemmer og medlemsmøter ved de ulike campus/nærrområder

Innspel

Bruk fleire sider om det trengs

Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p>Norsk sykepleierforbund meiner at den administrative organiseringa i HVL må organiserast slik at ein kan oppretthalda visjonen om å vera «tett på», der ein ivaretar og støtter opp om den faglige drifta, der faglige tilsette og studentar har dedikerte personar i administrasjonen å forhalda seg til, personar som har kunnskap om den enkelte utdanning i spørsmål knytta til eks.<u> </u>studentsaker og eksamen, men som også har kunnskap om aktuelle lovar og reglar.</p> <p>Det same gjeld støttefunksjonar i forhold til It tjenester: drift, e læring og hjelp i forhold til digitalisering, samt bibliotektjenester.</p> <p>Praksis er ein stor del av sjukepleiarutdanninga og lokal kunnskap og kontakt er viktig for å opprettholde det gode praksistilbodet for studentene som er utvikla i felleskap med spesialist- og kommunehelsetjeneste i de respektive nærregionene.</p> <p>Når det gjeld administrativ organisering av øvrige administrative tjenester, som eks økonomi, tilsetjing og liknande er me meir usikre kva fordeler og ulemper ein vil få om ein vel den eine eller den andre modellen. Administrativt tilsette vil ha utbytte av å ha klare tenestelinjer og ein leiar å forholda seg til, samtidig som ein vil ha behov for å bygge faglege nettverk på tvers av campusane.</p> <p>Rapporten gav for lite informasjon om erfaringar med administrativ organisering ved dei ulike fusjonerande einingane. Erfaringane frå HiB med reduksjon til to Campus- og endringar innafor administrative tenester bør vektleggast. HVL blir ein stor institusjon.</p>
-------	---

	Norsk sykepleierforbund synes å vurdere modell -2 (4.2) som best eigna , men synes det er uheldig at ein skal ta ei avgjerd for val av administrativ organisering når den faglige organsieringa ikkje er lagt.
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p>NSF ser at ein institusjon som HVL har behov for ein overordna felles administrasjon på HVL nivå som kan imøtekoma krava til offentlig forvaltning, der ein kan få robuste fagmiljø og spesialisert kunnskap.</p> <p>NSF er imidlertid usikker på kor stor del av administrasjonen som bør organiserast i ein felles del og kva som bør organiserast ned på den enkelte fakultet, sjå ovenfor. Det er viktig at HVL ha ei administrativ organisering som fører til ei rettferdig fordeling av ressursar i det enkelte fakultet og som ikkje utarmar dei faglige ressursane i det enkelte emne, og som arbeider for å tilby lik behandling for studentar og tilsette i HVL.</p> <p>NSF ynskjer ikkje ei administrativ organisering som fører til meir byråkratisering og lengre beslutningsveg.</p>
Kap 6	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p>Val av en eller annen modell avhenger noe av korleis leiarstrukturen vil sjå ut.</p>
Andre merknader	

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

